

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

SENTRALADMINISTRASJONEN

Regionalavdelinga/Plan- og utviklingsseksjonen

Det Kongelige Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

Sakshandsamar: Odd Atle Linde tlf.dir.: 57 65 62 59 E.post: odd.atle.linde@sf-f.kommune.no

Arkivkode
L00 &13

Vår ref.
Arkivsnr.: 02/00619
L.nr: 006938/02

Dykkar ref.

Dato
16.04.2002

FORSLAG OM ENDRINGAR I PLAN- OG BYGNINGSLOVA - TIDSFRISTAR I PLANBEHANDLINGA - HØYRING

Vi viser til oversending datert 04.03.2002 med ovannemnde høyringsnotat.

Vi viser i utgangspunktet til vårt brev av 04.07.2001 med utskrift av Fylkesutvalet si handsaming av NOU 2001:7 BEDRE KOMMUNAL OG REGIONAL PLANLEGGING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA, der det bl.a. heiter:

”Fylkesutvalet støtter hovudintensjonen i planlovutvalet si innstilling om å styrke fylkes- og kommuneplanlegginga som grunnlag for folkevalgt regional og kommunal styring og utvikling.”

Med omsyn til tidsfristar i planbehandlinga har vi fylgjande merknader:

Pkt. 2.10

Fylkeskommunen er i utgangspunktet positiv til innføring av fristar for handsaming av private reguleringsforslag. Vi meiner at slike fristar kan vere positive for både planframstillar og for kommunen.

Pkt. 3.9

Fylkeskommunen er i utgangspunktet og positive til at eventuell motsegn til plan må fremjast innan den frist som er sett for uttale til plansaka. Vi vil i det høve likevel peike på dei vanskar som kan oppstå med å fremje motsegn innan fristen.

Det er fylkesutvalet som har mynde til å fremja motsegn på vegne av Sogn og Fjordane fylkeskommunen. Fylkeskommunen har og gjennomført ein praksis at i slike saker og før sak om motsegn har vore fremja for fylkesutvalet, så har det vore gjennomført eit drøftingsmøte med den aktuelle kommunen for å prøve å kome fram til semje i saka. Vi ser at dette kan verte vanskeleg å gjennomføre i praksis med ein så kort frist for å fremje motsegna.

Pkt 2.2

Fylkeskommunen støttar og synspunkta om at sjølv om ikkje lovverket krev det, så bør forslagsstillar leggje reguleringsspørsmålet fram for kommunen før planlegging startar.

Pkt. 2.8

Fylkeskommunen er skeptisk til eventuelle sanksjonar ovanfor kommunale planmynde. Grunnlaget for eventuell sein saksgang kan like godt ligge hjå dei som fremjar planen som hjå dei som skal handsame planframlegga. Innføring av "parkeringsbøter" for kommunane er ikkje rett måte å få til ei raskare sakshandsaming. Etter vårt syn er det viktigare å sette kommunane i stand til å oppretthalde ein naudsynt fagleg kapasitet enn til å innføre sanksjonar. Vi viser her til stadig auka krav overfor kommunane, og etter vårt syn manglande medfylgjande ressursar for å etterkoma krava.

Etter vårt syn har vi tilstrekkelege rettsikkerheitsordningar gjennom sivilombudsmannen for forvaltningsakene og gjennom rettsapparatet.


Utfyllande kommentarar jf. pkt. 3.7


Dei fleste motsegnssaker dreiar seg om arealbruksinteresser frå fagetatane. Fagetatane avgjer sjølve om motsegn skal fremjast.

Det er fylkesutvalet som har mynde til å fremja motsegn på vegne av Sogn og Fjordane fylkeskommunen.

Fylkeskommunen som regionalpolitisk organ har ei utvida rolle i saker som bør prøvast/avvegast politisk frå regionalt nivå, t.d. der planframlegget vil vera i strid med fylkesplan. I slike høve må motsegnssaker fremjast for fylkesutvalet. Fagetatane sine innspel bør også leggjast til grunn når ei sak vert fremja for fylkespolitikarane. Vi vil difor be om at fylkeskommunen får mynde til å utsetje høyringsfristen i slike saker etter modellen omtala ovafor under pkt. 3.9.

Med helsing


Torolf Norheim
Plan- og utviklingssjef


Odd Atle Linde
Spesialkonsulent

Kopi til: Fylkesutvalet